

# Pass på informasjonen din

Mobiltelefonar, nettbrett og datamaskiner inneheld mykje privat informasjon om både deg og venene dine. Om uvedkomande får tak i opplysningar om deg, kan dei bruke dei på måtar som kan vere uheldig for deg. Det er difor veldig viktig at du passar på opplysningane så godt du kan.

## Tips til sikring av mobilen din:

- Ha lås på skjermen (passord, mønster, PIN-kode eller liknande)
- Ha SIM-kortkode som er påkravd kvar gong du startar telefonen på nytt.
- Spør ein vaksen før du installerer nye applikasjonar. Dei kan hjelpe deg å sjekke appen.
- La aldri telefonen eller liknande vere utan tilsyn utan at du har på skjermlåsen.
- Ikkje del passorda eller kodane dine med nokon.